

NVE – Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

06.01.2023

Søknad om konsesjon for bygging av Stavåna minikraftverk

Tafjord Kraftproduksjon AS ønsker å nytte vassfallet i elva Stavåna i Fjord kommune i Møre og Romsdal fylke til kraftproduksjon, og søker med dette om følgjande løyve:

I Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- å byggje Stavåna minikraftverk i samsvar med vedlagte planar


II Etter energilova om løyve til:

- å bygge og drive Stavåna minikraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner som skildra i søknaden.

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.

Med vennleg helsing

Tafjord Kraftproduksjon AS



Stig Falling

Adm dir.

- å byggje Stavåna minikraftverk i samsvar med vedlagte planar

II Etter energilova om løyve til:

- å bygge og drive Stavåna minikraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftliner som skildra i søknaden.

Vedlagte utgreiing gjev alle nødvendige opplysningar om tiltaket.

Samandrag: Stavåna minikraftverk, Fjord kommune: Søknad om konsesjon			
Søkar: Tafjord Kraftproduksjon AS, Serviceboks 1, 6025 Ålesund, tlf. 70100000,			
Utarbeid av: Per Kåre Skudal (-)	Dato: feb. 2022 Rev. 06.01.2023	Kontrollert av: Martin Holmeset	
Tafjord Kraftproduksjon ønsker å nytte eit 260 meter høgt fall, over ei strekning på 1700 m i Stavåna, (vassdrag nr. 100.2B2Z), ei sideelv til Stordalselva (100.2B22) til kraftproduksjon. Generatoreffekt vert 0,99 MW og turbinen sitt vassforbruk vert frå 0,02 – 0,5 m³/s av ei middelvassføring over året på 1,29 m³/s. 6,8 GWh (46 % vinterkraft – 54 % sommarkraft) er forventa årsproduksjon ved bygging i samsvar med framlagte planar. Tafjord Kraftproduksjon har avtale om å leige fallretten og har avtale med grunneigarane om bygging av minikraftverket. Biologirapporten: <i>Stavåna minikraftverk, virkninger på biologisk mangfold</i>, vart utført av Holtan / Larsen i mai 2010 i forbindelse med planlegging av ei større utbygging på same strekninga i elva. I juli 2021 vart Biofokus v. Høitomt engasjert til å oppdatere kunnskapsgrunnlaget i forhold til endring i regelverk, metode, raudliste m.m. og resulterte i rapporten <i>Naturverdier i Stavåna i Fjord kommune - Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget i forbindelse med planlagt minikraftverk</i> utgitt i september 2021. Det er registrert fleire viktige naturtypar (www.Naturbase.no) og raudlista artar i området Stavåna / Nøredalen. Dei aller fleste er planter knytt til kulturlandskapet og er truga fordi det er liten aktivitet i landbruket. Men og nokre raudlista, men lokalt relativt vanlege fugleartar Konsekvensen av planlagt utbygging slik den er presentert i denne søknad er i rapporten frå Høitomt vurdert til «noe negativ konsekvens» for naturverdiane og dei vert «noe forringet». Andre brukarinteresser vert i svært liten grad påverka. .			
Fylke Møre og Romsdal	Kommune Fjord	Vassdrag 100.2B2Z	Elv Stavåna
Nedbørsfelt 20,6 km²	Inntak 410 moh	Utløp 150 moh	Slukeevne 500 l/s
Effekt 0,99 MW	Årsproduksjon 6,8 GWh	Utbyggingspris 4,80 kr /KWh	Byggekostnad 32,3 MNOK (ref 2020)

Innhald

1	Innleiing	5
1.1	Om søkjaren	5
1.2	Grunngjeving for tiltaket	5
1.3	Geografisk plassering av tiltaket	5
1.4	Skildring av området	6
1.5	Eksisterande inngrep	7
1.6	Samanlikning med nærliggande vassdrag	8
2	Omtale av tiltaket.....	9
2.1	Hovuddata	9
2.2	Teknisk plan for det søkte alternativet	10
2.3	Kostnadsoverslag.....	18
2.4	Fordelar og ulemper ved tiltaket	18
2.5	Arealbruk og eigedomsforhold.....	19
2.6	Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar	20
3	Verknad for miljø, naturressursar og samfunn.....	22
3.1	Hydrologi	23
3.2	Vasstemperatur, isforhold og lokalklima	24
3.3	Grunnvatn	25
3.4	Ras, flaum og erosjon	26
3.5	Raudlisteartar	27
3.6	Terrestrisk miljø.....	28
3.7	Akvatisk miljø	32
3.8	Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag	33
3.9	Landskap og inngrepsfrie naturområde (INON)	34
3.10	Kulturminne og kulturmiljø.....	37
3.11	Reindrift.....	39
3.12	Jord- og skogressursar.....	40
3.13	Ferskvassressursar	41
3.14	Brukarinteresser.....	42
3.15	Samfunnsmessige verknadar	43
3.16	Kraftliner	44
3.17	Dam og trykkroyr.....	45
3.18	Ev. alternative utbyggingsløysingar	45
3.19	Samla vurdering.....	46
3.20	Samla belastning	46
4	Avbøtande tiltak	48
5	Referansar og grunnlagsdata	49
6	Vedlegg til søknaden	50

1 Innleiing

1.1 Om søkjaren

Tafjord Kraftproduksjon AS, Org. Nr. 977461898, er eit heileigd dotterselskap av Tafjord Kraft AS. Selskapet driv med vasskraftproduksjon og omsetjing av elektrisk energi i engrosmarkedet. Selskapet eig og driv ni kraftstasjonar i Fjord kommune, to kraftstasjonar i Stranda kommune. I tillegg har Tafjord ein eigardel på 12% i Grytten kraftverk (Statkraft) i Rauma kommune og ein eigardel på 21% i Øvre Otta utbygginga i Skjåk kommune. Tafjord Kraftproduksjon AS er medeigar (34%) i Svelgen Kraft (675 GWh). Tafjord Kraft AS er og medeigar (53,66 %) i nettselskapet Mørenett AS, 80 % i fiberselskapet Tafjord Connect AS og majoritetsseigar i selskapet Wattn som driv med sal av elektrisk kraft i sluttbrukarmarkedet.

Tafjord Konsernet er eigd av kommunane Fjord (4,3%), Ålesund (53,6%) og kraftselskapet Eviny (BKK) (43,1%).

1.2 Grunngeving for tiltaket

Ønsket er, saman med grunneigarane, å realisere 6,8 GWh fornybar kraft utan å påføre viktige naturverdiar ulemper. Stavåna minikraftverk vil nytte under 40 % av årets middelvassføring. Området har fleire områder med prioriterte naturtypar som er avhengig av årlege tiltak (gamal slåttemark) og som dermed har nytte av stabil busetnad i området. Verdiskaping frå Stavåna minikraftverk vil være eit lite bidrag til fornybarsatsing og til busetnad i området.

1.3 Geografisk plassering av tiltaket



Fig. 1.3.1 Lokalisering av Stavåna minikraftverk i Fjord kommune / Møre og Romsdal fylke

1.4 Skildring av området

Nedbørsfeltet til Stavåna er den 9 km lange Jasvollbotn (ein jase = hare) med omkring liggande fjell. Dalen endar oppunder Lauparen, det høgste fjellet i området (1434 moh). Inst i Jasvollbotn ligg fire små vatn på høgder frå 634 moh til 777 moh.

Heile dalen, Jasvollbotn, er omkransa av fjell som er relativt sterkt oppskorne og framhevar dei alpine terrengformane i området. Høgaste fjella er Ausskjeret (1340 moh) og Ørastolen (1392 moh) mott aust. I nord ligg Rollsbotskorkja (1333 moh) og Lauparen (1434 moh) og i vest ligg Grytavasstind (1329 moh) og Benkane 1185 (moh)

Vegetasjon i dei lågare liggande delar av nedbørsfeltet inneheld mykje bjørk med innslag av meir varmekjære artar. Lengst nede er det plantefelt med gran som pregar landskapet. Det på går hogst av gran og ein del har vorte fjerna siste åra (også i 2021).

Det er registrert fleire viktige naturtypar (www.Naturbase.no) og raudlista artar i området (Nøredalen). Dei aller fleste er planter knytt til kulturlandskapet og er truga fordi det er liten aktivitet i landbruket.

Der Stavåna renn saman med Stordalselva finn ein fleire byggverk som er typiske for tidlegare tidars bruk av vatn. Det gjeld både kvernhuset og Stampa (ei «stampe» nytta vasskraft til å banke våt ull, «tove», slik at ein fekk vadmél).



Fig. 1.4.1 Stampa (nærmast) og kvernhuset. To restaurerte bygg som syner bruk av vatn i tidlegare tider

1.5 Eksisterande inngrep

Fram gjennom dalen går fylkesveg 5934. Parallelt med denne går ei 22 kV høgspektlinje som er lokalforsyning til busetnaden i dalen og ei etter kvart omfattande hytteutbygging. Busetnad finn ein i form av mindre gardsbruk. Berre nokre få er i aktiv drift.

I området frå Almås og inn til Pjusken, ei strekning på over 4 km, er det bygd mykje hytter i seinare tid. Der er og etablert eit alpinanlegg med område for oppstilling av campingvogner på heilårsbasis. Lenger inne i dalbotnen er det dyrka opp store areal (140 mål), som er sommararbeite for storfe. Der er det og ei driftsbygning.

I sjølve nærområdet til Stavåna minikraftverk og området opp til inntaket er det og spor etter eldre bygg. Framme i dalen finn ein eit gammalt kvernhus og nede ved stasjonsområdet murar som og er spor etter tidlegare bruk av vasskrafta. Som tidlegare nemnd er fleire gamle bygg restaurert i dette området.



Fig. 1.5.1 *Gammelt kvernhus ved Stavåna*

1.6 Samanlikning med nærliggande vassdrag

Stordalsvassdraget vart varig verna i verneplan III i 1986. Den gong var det omfattande planer for å nytte vasskrafta i elva til kraftproduksjon. Stordalsvassdraget grensar mot to andre verna vassdrag, Valdøla og Måna. Som fig. 1.6.1 syner er det mange verna vassdrag i denne delen av fylket (innramma av blå grenser).



Fig. 1.6.1 Stordalsvassdraget og vassdraga i området rundt.

Det er bygt fleire små- / minikraftverk (elvekraft) i denne regionen sidan 2000. Øvstedal kraftverk 1,24 MW, Sessselva kraftverk 5 MW, Vaksvik kraftverk 7,7 MW, Valgermo minikraftverk 0,98 MW og Misfjord kraftverk 1,4 MW på denne sida av Storfjorden. På andre sida av fjorden ligg m.a. kraftverka til Stranda energi der Fausa kraftverk I og II (samla 8 MW) er av eldre årgang og nyttar Nysætervatnet som magasin.




Fig. 1.6.2 Stavåna minikraftverk og andre kraftverk i området rundt.

2 Omtale av tiltaket

2.1 Hoveddata

Stavåna minikraftverk, hoveddata		
TILSIG		Hovudalternativ
Nedbørfelt*	km ²	20,6
Årleg tilsig til inntaket	mill.m ³	40,6
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	62,6
Middelvassføring	m ³ /s	1,29
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	170
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	49
Restvassføring**	l/s	133
MINIKRAFTVERK		
Inntak	moh.	410
Magasinvolum	m ³	-
Avløp	moh.	150
Lengde på råka elvestrekning	m/km	1700
Brutto fallhøgd	m	260
Gjennomsnittleg energiekvivalent	kWh/m ³	0,559
Slukeevne, maks	l/s	500
Slukeevne, min	l/s	10
Planlagt minstevassføring, sommar	l/s	170
Planlagt minstevassføring, vinter	l/s	49
Tilløpsrøyr, diameter	mm.	800
Tilløpsrøyr/tunnel, lengde	m	1700
Overføringsrøyr/tunnel, lengde	m	
Installert effekt, maks	kW el. MW	0,99 MW
Brukstid	timar	6800
PRODUKSJON***		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	3,1
Produksjon, sommar (1/5 - 30/9)	GWh	3,7
Produksjon, årleg middel	GWh	6,8
ØKONOMI		
Utbyggingskostnad (2020)	mill. kr	32,3
Utbyggingspris (2020)	Kr/kWh	4,75

*Totalt nedbørfelt, inkl. overføringar, som nyttast i kraftverket

**restfeltet sin middelvassføring like oppstraums kraftstasjonen.

*** Netto produksjon der foreslått minstevassføring er trekt frå

Stavåna minikraftverk, Elektriske anlegg		
GENERATOR		
Yting	MVA	1,1
	MW (cos phi 0,9)	0,99
Spenning	kV	0,6 ¹
TRANSFORMATOR		
Yting	MVA	1,4
Omsetning	kV/kV	0,6 ¹ / 22
NETTILKNYTING (kraftliner/kablar)		
Lengd	m	50
Nominell spenning	kV	22
Jordkabel	TSLF	3x50 mm ²

¹⁾ Generatorspenning vil avhenge av tilbyder

2.2 Teknisk plan for det søkte alternativet

Stavåna er ei sideelv i Stordalsvassdraget som er eit verna vassdrag. Vi planlegg og søker om eit minikraftverk med generatoryting på 0,99 MW. For å halde vassforbruket / maks slukeevne på under 50 % av middelvassføringa, plasserer vi inntaket relativt høgt i vassdraget. Plassering i dette område medfører lite naturinngrep. Lang vassveg og inntak på kote 410 moh medfører at kraftstasjonen kan plasserast ovanfor riksvegen og det visuelle inntrykket av fossen i «vasskraftmiljøet» (fleire bygg som nytta vatnet tidlegare) nedanfor ikkje vert forringa. Derfor har vi plassert anlegget som vist på figur 2.2.1.




Fig. 2.2.1 Stavåna minikraftverk med stasjonsbygg, rørtrase og inntak

Inntaket vert plassert på kote 410 og vert utført som coandainntak med fiskepassasje. Røytraseen vil frå området Gamlegarden i stor grad følgje dagens sti fram til Botnastølen. Eit samarbeid med planlagt skogsveg er ønskeleg frå grunneigarane og vil redusere det samla inngrepet. Kraftstasjonen er tenkt plassert ovanfor riksvegen ved 22 kV kraftleidning. Tilknyting til 22 kV nettet krev berre om lag 40 m kabel.


Generatoryting vert avgrensa til 0,99 MW, som er grense for kva NVE kan konsesjonshandsame i verna vassdrag. Slukeevna til turbinen vert maks 0,5 m³/s som er om lag 39 % av berekna årleg middelvassføring i Stavåna.

2.2.1 Hydrologi og tilsig (grunnlaget for dimensjonering av minikraftverket)

Val av referansefelt for hydrologisk data er gjort ved å samanlikne feltdata for Stavåna minikraftverk med feltet til Juvfossen kraftverk (satt i drift i 2000) og målingar i Dyrkornelva (målt sidan 1998). Valet falt på Juvfossen kraftverk sitt felt då dei to felta har svært samanfallande hypsografisk kurve m.m. I Stavåna vart det utført vassmåling i ein del år etter 2009 og vi har komplette måleseriar for åra 2009,-10,-14,-15 og -16 for samanlikning med dei berekna måleseriane.

Dei viser at i enkelte år kan vassføringa i Stavåna være betydeleg større enn berekna verdier. Avvik i målt vassføring i Stavåna og vassføring med referanse til Juvfossen kjem tydelegast fram under snøsmeltinga frå midten av mai til midten av juli. Det sørvendte nedbørsfeltet til Stavåna har merkbart høgare avrenning enn det meir nordvendte nedbørsfeltet til Juvfossen kraftverk. Dette er vist i figur 2.2.1.2 der målte verdier i 2010 (eit tørt år) er samanlikna med dei berekna verdiane med Juvfossen feltet som referanse. Målt årsnedbør i åra 2009 og 2010 er hhv 25 % og 37 % høgare enn berekna verdier. For fem år med målte verdier (2009,10,14,15,16) er middelvassføringa 1,36 m³/s. Berekna verdier for åra 1999-2011 er 1,29 m³/s. Så over tid ser det ut til å være godt samsvar mellom målte verdier for middelvassføring i Stavåna og berekna verdier med utgangspunkt i Juvfossen sine målte verdier.

Ein moderne fleistråle peltonturbin som planlagt i dette tiltaket vil kunne produsere heilt ned til 1-2 % av slukeevnen. Med maks slukeevne på berre 0,39% av Stavåna si middelsvassføring over året vil diagrammet «sum lågare» gi lite meining då minste slukeevne ikkje gir reelt vasstap forbi turbinen. Størrelsen på minstevasslepp vinter er av større betydning då denne bestemmer vassføring i elva i periodar med svært låg vassføring.



Figur 2.2.1.1. Nedbørsfelt for Stavåna minikraftverk, og referansefeltet Juvfossen minikraftverk.




Fig. 2.2.1.2. Stavåna (felt 20,6 km²) med målte og berekna verdier for vassføring i 2010





Fig. 2.2.1.3. Stavåna minikraftverk, årleg berekna tilsig i perioden 1999 til 2011.



Figur 2.2.1.4: Min-, median- og middeltilsig pr dag ved inntaket til Stavåna minikraftverk for åra 1999-2011

2.2.2 Overføringer

Prosjektet har ingen overføringer av vatn frå andre elvar eller vassdragsområder.


2.2.3 Reguleringsmagasin

Prosjektet har ingen reguleringsmagasin. Stavåna minikraftverk er eit reint elvekraftverk og vert drifta i samsvar med vassføring i elva og turbinens kapasitet.

2.2.4 Inntak


På kote 410 moh er det tenkt plassert eit coandainntak. Dette er eit inntak rister der vatnet renn over og vert «sugd» inn i reguleringskammeret til tubinen via spalter med 1 mm opning, så kalla coandaeffekt. Ein enkel fiskepassasje vert etablr i kombinasjon med utløp for minstevassføring. I sommarhalvåret vil vassføring være betydeleg større enn turbinens slukeevne på 0,5 m³/s (fig. 2.2.4.1) og berre sjeldan vil vassføringa være nede på nivå til minstevassføringa. For vinterperioden vil derimot minstevassføring være einaste vassføring rett nedstraums inntaket i periodar.

Inntaket vert om lag 10 - 12 m breitt og vil ha eit overløp med coandarister på 6-7 m. Samlekum på 30-40 m³ vert plassert langs elvekanten og knytt saman med inntaket og vil ha tilkopling for turbinrøyr, røyrbrotsventil m.m.



Figur 2.2.4.1: Vassføring like nedstraums inntaket eit middels vått år (2008) før og etter utbygging

Som figur 2.2.4.1 viser er det liten forskjell på blå kurve (vassføring i elva før utbygging) og raud kurve (vassføring i elva etter at turbinen har «fått sitt»).



Figur 2.2.4.2 Prinsippskisse av eit coandainntak på aktuell damstad.

2.2.5 Vassveg

Røyrkata vert om lag 1700 m lang og vil ha ein diameter på 800 mm. Detaljprosjektering vil avgjere val av røyrtype. Truleg duktile stålrøyr på strekinga frå kraftstasjon og opp til «Gamlestølen». Vidare vil vasstrykket verte lågare og glasfiberrøyr kan være det beste alternativet. Røyrtrase vil følgje stien til Stavdalstølen / Botnastølen frå området ved Gamlegarden der traseen kryssar dagens skogsbilveg (fig. 2.2.1). Planar for skogsveg på same strekning vil verte samordna med ein røyrtrase. Der røyrtraseen ikkje følgjer ein framtidig skogsvegtrase, skal alt vegetativt materiale i trassen leggst til sides og nyttast til revegetering av inngrepet. På strekinga er det bjørkeskog med mykje blåbærlyng i botnen som pregar naturtypen. Breidda på inngrepet i skogsterreng vil være 20-30 m i anleggsfasen og skogen, for det meste lauvskog, må ryddast. Torv og mold frå grøfta vil innehalde mykje vegetativt materiale og ein ventar relativt hurtig revegetering i traseen etter at den er ferdig.

2.2.6 Kraftstasjon

Reduksjon av vassføring i sommarhalvåret som følgje av ein turbin med slukeevne på maks 0,5 m³/s vil truleg ha svært liten verknad for det visuelle intrykket av fossen ovanfor riksvegen ved kraftstasjonen. Men i periodar med låg vassføring ville verknaden blitt merkbar. Kraftstasjonen tenkt plassert ovanfor riksvegen for at fossemiljøet nedanfor riksvegen skal være ipåvirka. Plassering nær 22 kV linja er og ein fordel samt at ein slepp å krysse riksvegen med tekniske anlegg. Utforming reint arkitektonisk er ikkje endeleg bestemt. Men tilpassing til lokal byggeskikk i kombinasjon med andre byggematerialar (glas, betong) er truleg.

Grunnflate på bygget vert om lag 100 m². Det vert plass til eit aggregat på 0,99 MW og tilhøyrande horisontal / vertikal pelton turbin med 4/2 dyser. Rom med transformator som transformerer frå generatorspenning (lågspenning) til 22 kV. Eit enkelt lågspenning koplingsanlegg med tilhøyrande vernutrustning. Bygget vil få tak som delvis kan løftast bort for inn / ut transport av tunge kolli.

Då planane for Stavåna minikraftverk berre nyttar 0,5 m³/s av vassføringa i elva (39 % av årsmiddelvassføringa og betydeleg mindre del av sommarvassføringa), vert det sett av plass til utviding av maskininstallasjonen med eit aggregat dersom det i framtida vert høve til å nytte meir av vatnet / aksept for høgare MW yting i stasjonen i verna vassdrag.

2.2.7 Køyremønster og drift av minikraftverket

Stavåna minikraftverk vert eit reint elvekraftverk utan noko form for effektregulering utover tilgjengeleg vassføring i elva. Med slukeevne på 0,5 m³/s som er langt under vanleg vassføring i mai-september (utover hausten) vil brukstida bli høg. Dvs stort sett 100 % pådrag vår, sommar og haust. I tørre periodar, vanlegvis om vinteren vert effekten regulert i samsvar med vassføring fråtrekt minstevassføring.

2.2.8 Vegbygging

Frå riksvegen og til kraftstasjon må det byggast om lag 120 m ny veg med breidde og kapasitet til å ta i mot tung transport som betongbil, turbin-, transformator- og generatortransport. Breidde på køyrebane om lag 4 - 5 m og totalt inngrep i breidda (inkludert grøfter / skråning) om lag 8 - 10 m.

Frå dagens skogsveg ved Gamlegarden (fig. 2.2.1) og vidare fram til inntaket er det tenkt at røytraseen vert stelt til med berre eit køyrespor for ATV eller liknande. Men dette må sjåast i samanheng med planar for skogsveg på same strekninga.


2.2.9 Massetak og deponi

Ved bygging av inntaket er det nødvendig å sprengje vekk ein del fjell og dette vil gi overskotsmasser i dette området. Primært vil dette verte nytta på staden, deponert eller gravd ned. Men ved bygging av ein skogsveg i området vil utsprengt steinmasse kunne nyttast til det prosjektet. Langs røytraseen vil situasjonen bli den same. Primært vert overskotsmasser nytta til å jamne ut traseen (arrondere) men og til mindre deponi langs traseen. Bruk av overskotsmasser frå røytrase vil verte nytta i ein framtidig skogsveg dersom det vert aktuelt. Ved kraftstasjonen er det usikkerheit mtp kor djupe lausmassane er. Men her skal det og byggast tilkomstveg og det ligg god til rette å plassere / nytte overskotsmasser i vegtrase og rundt kraftstasjonsbygget.

2.2.10 Nettilknyting (kraftliner/kablar)

Innmating av inntil 0,99 MW frå lokal kraftproduksjon vil ha positiv verknad for det lokale 22 kV nettet som er forsynt heilt frå Giskemo transformatorstasjon på Sjøholt som ligg 20 km unna.

22 kV kraftline er i dag lokalisert nær tenkt kraftstasjonsplassering og det vert berre 20-40 m kabelgrøft frå kraftstasjon fram til tilknytingspunkt i 22 kV nettet.



Figur 2.2.10.1 420 kV, 132 kV og 22 kV nett i området Giskemo - Stordal.

Kundespesifikke nettanlegg

Frå kraftstasjon til nærmaste 22 kV mast er det om lag 20 m. Det vert lagt jordkabel med tverrsnitt 50 mm².

Områdekonsesjonær er Nordvestnett AS. Fig 2.2.10.1 viser overliggande nett og 22 kV nett i området. 22 kV nettet på strekninga Giskemo transformatorstasjon til Vaksvika har i dag ikkje ledig kapasitet i periodar med full drift på småkraftverka Vaksvik kraftverk og Dyrkorn kraftverk og lågt forbruk i området.

Nordvestnett, uttale vedrørande nettkapasitet:

Vedlegg nr 8

2.3 Kostnadsoverslag

Stavåna minikraftverk	mill. NOK
Inntak/dam	2,0
Driftsvassvegar	10,0
Kraftstasjon, bygg	3,9
Kraftstasjon, maskin og elektro	4,5
Kraftline	1,0
Transportanlegg	0,7
Div. tiltak (tersklar, landskapspleie, med meir)	0,2
Uventa / utegløynd	3,1
Planlegging/administrasjon	2,0
Finansieringsutgifter og avrunding	0,9
Anleggsbidrag	1,0
Prisstigning 2015-2021 om lag 10 %	3,0
Sum utbyggingskostnader	32,3

(Prisnivå 2020).

2.4 Fordelar og ulemper ved tiltaket

Fordelar

Kraftproduksjonen er berekna på grunnlag av simulert årleg vassføring for perioden 1999 – 2011 og kvalitetssikra mot verkeleg vassføring som vart målt nokre av åra. Då dette er eit verna vassdrag og vassforbruket er lågt, vert brukstida høg (6800 timar som er 78 % av året). Dette gir ein større del vinterkraft, jfr tabell under.

Produksjon sommar (01.05-30.09):	3,7 GWh
Produksjon vinter (01.10-30.04):	3,1 GWh
Produksjon år:	6,8 GWh

Stavåna minikraftverk vil gi eit lite bidrag til regional og nasjonal kraftoppdekning, inntekter til grunneigarane og Tafjord Kraftproduksjon AS og er gunstig for kraftflyten i det regionale 22 kV nettet når nettkapasiteten Giskemo – Vaksvik vert oppgradert.

Med generatoryting på 0,99 MW er ikkje Stavåna minikraftverk i posisjon for grunnrenteskatt eller naturressursskatt som gjeld for kraftverk med generatoryting over 10 MVA.

Eigedomsskatten i Fjord kommune skal harmoniserast etter kommunesamanslåing og vert frå 2023 på 7 ‰. For kraftverk med yting under 10 MVA skal grunnlaget for eigedomsskatten settast til den skattemessige formueverdien.

Stavåna minikraftverk vil og ha ein liten positiv ringverknad for næringslivet.

Ulemper ved bygging av Stavåna minikraftverk er redusert vassføring over ei strekning på 1700 m i elva. Turbinen nyttar maks 0,5 m³/s av ei vassføring på 2 – 4 m³/s om sommaren og den visuelle effekten er svært liten i sommar halvåret og delar av hausten. Konsekvensen vert større i periodar med lita vassføring (tørre sommarperioder og om vinteren).

Utbyggar meiner at med ei turbin med så lågt vassforbruk vil ulemper for biologisk mangfald langs elvestrengen være minimale. Syner til biologirapportane, vedlegg nr 9 A og B.

2.5 Arealbruk og eigedomsforhold

	Areal behov målt i m²		
Inngrep	Mellombels	Permanent	Ev. merknadar
Inntaksområde	500	100	
Røyrgate	34000	5100 (køyrespor)	Avhengig av ev skogsveg
Riggområde	2000	0	
Vegar	1400	700	Til kraftstasjon
Kraftstasjonsområde	1000	250	
Massetak/deponi	Inngår i røyrtrase		
Tilknyting 22 kV nett	100	0	Kabelgrøft

Leigeavtale med grunneigarane vart signert den 26. oktober 2020 på eit fellesmøte i Stordal.

Dei aktuelle grunneigarane er:

Grunneigar	Gnr / Bnr	Adresse:
Odd H. Midtbust	139/1,6	Hovslia 76, 6250 Stordal
Leif Stavdal	139/2	Nørdalen 235, 6250 Stordal
Gunnhild Nygård	139/3	6250 Stordal
Peder Vikenes	139/5	Nørdalen 131, 6250 Stordal
Leif Jørgen Moger	137/1	Bergerveien 22, 1475 Finstadjordet
Ola Jøsvoll	137/2	Nørdalen 101, 6250 Stordal
Harald Jøsvoll	137/3	Nørdalen 107, 6250 Stordal
Einar Sæther	138/1	Sorgenfrigata 6 A, 0367 Oslo
Marit Kvistad	138/1	Joslettvegen 10, 6200 Stranda
Anne Jorun Nilsen	138/1	Hovslia 101, 6250 Stordal
Per Kåre Sæter	138/2	6250 Stordal / Tårnbyveien 312, 2013 Skjetten
Yvonne Kosfeldt Solevåg	139/7	Solavågvegen 145, 6037 Eidsnes
Stein Eric Solevåg	139/7	Solavågvegen 145, 6037 Eidsnes
Anne Grete Støle	139/4	Øvrebust 39B, 6250 Stordal

2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar

Fylkes- og/eller kommunal plan for småkraftverk.

Fjord kommune har ikkje utarbeidd kommunal plan for små- / minikraftverk.

Kommuneplanar




Fig. 2.6.1 Kommunedelplan Nøredalen i Fjord kommune

Som vist i fig. 2.6.1 ligg utbyggingsområdet i LNF område (landskap, natur og friluftsliv) med rasfare på det meste av området.

Samla plan for vassdrag (SP)

Etter 2015-2016, Stortingsmelding nr 25, er ikkje samla plan lenger eit forvaltningsverktøy for vasskraftprosjekt. Mindre kraftverk (under 10 MW) har vore fritatt for handsaming i samla plan sidan 2005.

Verneplan for vassdrag

Stordalsvassdraget, vassdrag nr 100/2, vart verna i verneplan III for vassdrag 19. juni i 1986. Vernet omfattar alle sideelvar og dermed også Stavåna. Bakgrunn for vernet var:

«Vassdraget representerer store verneverdier for naturvitenskap og kulturvitenskap. Også for vilt-og fiskeinteressene er verdien stor blant annet på grunn av et godt laksefiske. Området fungerer som friluftsområde for et stort antall personer. En eventuell utbygging kan få omfattende skadevirkninger for landbruket i området. Utvalget vil tilrå at Stordalsvassdraget gis varig vern».

I VVV-rapport 2001-47, http://publikasjoner.nve.no/vvv_rapport/2001/vvvrappport2001_47.pdf vart verneverdiane i Stordalsvassdraget undersøkt på ny og klassifisert innan dei fire tema friluftsliv, biologisk mangfald, landskapsbilde og kulturminne. Dei vart igjen gradert ut i frå om dei representerte lokale, regionale eller nasjonale verdiar. Stavåna har fått «lokal verdi» for biologisk mangfald», «lokal verdi» for landskapsbildet (nedre del), ingen klassifisering når det gjeld friluftsliv og tilsvarende for kulturminne. Men det må nemnast at Jøsvoll området og Jøsvoll setra og Jøsvollstølen / Stavdalsstølen er omtalt. Dette er områder i nær tilknytning til influensområdet for dette tiltaket.

Nasjonale laksevassdrag

Storfjorden som Stordalselva drenerer til er ikkje ein nasjonal laksefjord og Stordalselva er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag.




Fig. 2.6.2 Nasjonale laksefjorder / laksevassdrag i sør Norge.

EUs vassdirektiv



Fig. 2.6.3 Økologisk tilstand og mål for Stordalsvassdraget i følge Vann-nett (Vassdirektivet M&R)

På «Naturbase kart» er det vist artar og naturtyper innanfor og langs med influensområdet til Stavåna minikraftverk slik det er skildra i denne søknaden. Menneskeleg aktivitet i bondesamfunnet gjennom generasjonar er grunnlaget for naturtypene beitemark og slåttemark som igjen er gode biotopar for solblom m.m. Figur 2.6.4 syner trua artar og naturtyper som er registrerte i området.





Fig. 2.6.4 Viktige naturtyper, trua artar og myr med økonomisk verdi i området

3 Verknad for miljø, naturressursar og samfunn

For små- og minikraftverk (1-10 MW) er det krav om at biologisk mangfald vert kartlagd spesielt https://publikasjoner.nve.no/veileder/2018/veileder2018_06.pdf. I dette prosjektet er det utført slik kartlegging først i 2010 i forbindelse med eit større prosjekt som ikkje er realisert og no 2021 i

forbindelse med Stavåna minikraftverk. Bakgrunn for dette er at raudlister, metodikk m.m. har endra seg sidan 2010.

3.1 Hydrologi



Stavåna minikraftverk har eit relativt høgtliggende nedbørsfelt på 20,6 km² som strekkjer seg frå inntaket på kote 410 moh til opp mot toppen av Lauparen (1434 moh) som ligg 8 km lenger inne i fjellet. Feltet er omkransa av tinderekkjer der Grytevasstinden (1328 moh), Brudefølget (1345 moh), Rollsbottskorkja (1333 moh) og Ørastolen (1392 moh) er dei mest særmerkte.

Feltet er sørvendt og årsnedbøren er 1974 mm. Nedbørsfeltet er eksponert for sol under snøsmeltinga og eksponert for nedbør frå vest-sørvest vindretning som er dominerande retning for nedbør i området.

Tafjord Kraftproduksjon har måleseriar for vassføring i Stavåna for nokre år (2009 – 2016). Målte verdiar viser seg å ligge litt over dei berekna verdiane frå referansefeltet Juvfossen minikraftverk i Stranda kommune.

5 % persentil sesongvassføring er berekna ved hjelp av NEVINA. For sommarsesongen (1/5 – 30/9) er verdien berekna til 170 l/s. Tilsvarande verdi for vintersesongen (1/10 – 30/4) er 49 l/s.

Middelvassføring for nedbørsfeltet er berekna for åra 1999-2011 og er 1,29 m³/s.

Restvassføringa mellom inntak og like oppstraums kraftstasjonen er 133 l/s (middelverdi over året).

Planlagt minstevassføring er 170 l/s frå 1. mai til 30. september og 49 l/s frå 1. oktober til 30. april.

Kurver som viser vassføringa på utbyggingsstrekninga før og etter utbygging i eit vått, middels og tørt år m.m. er lagt ved i rapporten *Hydrologiske data til bruk ved planlegging av Stavåna minikraftverk*.

Vedlegg nr. 4

Aktuelt år	Overløpsdagar i året	Overløpsdagar 1. mai til 30 september (150 dagar)	Dagar der kraftstasjonen er stoppa pga lite vatn
Tørt år (2010)	140	102	19
Middels år (2008)	187	117	9
Vått år (2000)	181	130	0

3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima

Stavåna minikraftverk er planlagt med ei slukeevne på 0,5 m³/s som med aktuelle planar og utbyggingsstrekning gir om lag 0,99 MW. Som vist i figur under vert konsekvensane for vassføringa små i store delar av året. Perioden desember til mai vil få merkbar reduksjon. Vassføringa er frå før låg og det vert truleg berre mindre endringar mtp temperatur i vatnet, islegging og isgang. Elvestrekninga er dominert av berg i dagen og elva går mykje gjennom bratte juv som er forma av vatn, is og generell erosjon gjennom tusenvis av år.




Fig. 3.2.1 Døgnverdier i Stavåna før og etter utbygging av Stavåna minikraftverk i 2008 (middels vått år)

Stavåna minikraftverk vil nytte berre 39 % av årets middelvassføring. I sommarhalvåret og nedbørsrike periodar om hausten vil uttak av inntil 0,5 m³ vatn frå elva for det meste være lite merkbar. Men i lågvassperiodar (vinter primært) vil konsekvensane verte større. Vasstemperaturen kan i periodar gå litt ned og potensialet for islegging i elva vi auke noko.

For tema vasstemperatur, istilhøve og lokalklima, er det ikkje registrert kvalitetar som vil bli skadelidande ved mindre endringar i vinterhalvåret. Verdien for dette tema vert vurdert til **”liten - middels”**.

Verdi



Omfanget gjeld ei strekning av elva på 1700 m og tiltaket vert vurdert som **"lite - middels negativt"** både for anleggsfasen og driftsfasen.

Omfang				
Stor neg	Middels	Lite /ingen	Middels	Stor pos.
----- ----- ----- -----				
Anleggsfasen	▲			
Driftsfasen	▲			

Dette gir ein **"Liten negativ konsekvens (-)"** for tema vassstemperatur, istilhøve og lokalklima.

3.3 Grunnvatn

Grunnvassressursane i områda er vist på kartutsnittet under som er henta frå http://geo.ngu.no/kart/granada_mobil/ . Som vist er der «*begrenset grunnvannspotensiale*» for heile utbyggingsstrekninga.

Elva renn djupt nedsenka i berggrunnen og marginal endring i vassnivå vil ha liten drenerande verknad på grunnvatn i terrenget rundt om vinteren og truleg ingen verknad for grunnvatnet i sommarperioden.




Fig. 3.3.1 Grunnvannspotensiale på utbyggingsstrekninga til Stavåna minikraftverk.

Verdi		
Liten	Middels	Stor
----- -----		
▲		

Verdien for tema grunnvatn vert sett til "liten" og omfanget til "lite" for både anleggs- og driftsfasen.

Omfang				
Stor neg	Middels	Lite /ingen	Middels	Stor pos.
----- ----- ----- -----				
Anleggsfasen		▲		
Driftsfasen		▲		

Dette gir ein "ubetydelig konsekvens (0)" for tema grunnvatn.

3.4 Ras, flaum og erosjon

Nedbørsfeltet til Stavåna minikraftverk er på 20,6 km² og er orientert nord – syd. Dermed eksponert for både sol, regn og vind frå sør-sørvest som er dominerande retning for nedbør når det er snakk om større mengder, særleg om hausten. Kraftig snøsmelting og kraftig nedbør kan gje flaum i elva. Hyppigast om hausten. I flaumperioder vil 0,5 m³/s redusert vassføring som minikraftverket nyttar ikkje være merkbar endring.

Stavåna har grovt substrat og mykje fjell i elveløpet på store delar av utbyggingsstrekninga. Naturtypen langs elva er prega av skrint jordsmonn på fjell og ur. Elva er lite utsett for erosjon. Lausmassar i elva vil kunne førekomme i byggeperioden (inntaksdam). Utanom byggeperioden vil tema ras, flaum og erosjon ikkje verte påverka av dette tiltaket.




Fig. 3.4.1 Skredfare (jord- og flaumskred til venstre og snøskred til høgre) på utbyggingsstrekninga.

Som vist på fig. 3.4.1 er det potensiale for både jord, flaum – og snøskred på heile utbyggingsstrekninga. Vegen til setra går parallelt med rørtraseen og det er ikkje kjent at der har

vore ras på denne sida. Snøskredfaren er størst frå vestsida av elva der snøras er eit kjent fenomen.

Faren for snøskred vil i liten / ingen grad representere eit problem for drift av Stavåna minikraftverk då inntaket skal byggast som coandainntak som ikkje treng tilsyn mtp reinsking for is og lauv.

Verdi		
Liten	Middels	Stor
----- -----		
▲		

Omfang				
Stor neg	Middels	Lite /ingen	Middels	Stor pos.
----- ----- ----- -----				
Anleggsfasen	▲			
Driftsfasen		▲		

Med "liten - middels verdi" og "lite omfang" blir samla konsekvens for bygging av Stavåna minikraftverk vurdert til "**ubetydelig konsekvens (0)**" for tema ras, flaum og erosjon.

3.5 Raudlisteartar

Biologisk kartlegging.

Kunnskapsgrunnlaget tek utgangspunkt i utarbeida rapportar om biologisk mangfald for Stavåna (to stk) og informasjon / observasjonar gjort av personar lokalt.

Rapportane er lagt ved.

Vedlegg nr. 9 A og B.

I 2010 vart rapporten «*Stavåna minikraftverk, virkninger på biologisk mangfold*» utarbeidd av Dag Holtan og Perry Larsen. Bakgrunn var planar om ei utbygging av eit større (5,5 MW / 20 GWh) kraftverk som skulle nytte fallet i Stavåna heilt ned til hovudelva. Dagens planar om eit minikraftverk på 0,99 MW i om lag same strekning av elva samt endringar i regelverk, raudlister og metodeval gjorde det naudsynt å oppdatere kunnskapsgrunnlaget. Biofokus ved Torbjørn Høitomt undersøkte området i juli 2021 og det resulterte i rapporten: «*Naturverdier i Stavåna i Fjord kommune. Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget i forbindelse med planlagt minikraftverk*».

I dei to biologirapportane finne ein følgande uttalar som gjeld raudliste artar.

«*Mosefloraen i området ble nokså grundig undersøkt av Holtan og Larsen (2010). Perry G. Larsen er en dyktig bryolog og en fyldig artsliste ble publisert i Artsobservasjoner. Undersøkelsene i 2021 avdekket naturlig nok noen flere arter, men ingen rødlistede arter ble funnet. Mest interessant var funn av et knippe oseaniske arter i den nedre fossesprutsonen. Her ble gullhårmose og glanssåtemose påvist, sammen med et knippe noe kalkkrevende arter som bleikkrylmose, stivlommemose og bergstjernemose. Utover dette ble det knapt påvist mose- eller lavararter som indikerer høyere kalkinnhold enn intermediære forhold innenfor undersøkelsesområdet.*» Høitomt 2021.

«Av rødlistearter er både kvitkurle (orkide) og solblom kjent fra nedbørsfeltet (begge rødlistet VU, sårbar), men disse finnes helst i rik bjørkeskog eller gamle, og nå gjengroende naturbeitemarker eller slåttemarkar (jf. Jordal m.fl. 2005). I nedre del av elva er det dessuten oppslag av en del alm (rødlistet NT, nær truet), uten at denne berøres av inngrepet direkte.» Holtan / Larsen 2010.

Den Norske raudlista for artar frå artsdatabanken har hatt følgjande versjonar sidan 2010: Norsk raudliste for artar 2010, Norsk raudliste for artar 2015 og Norsk raudliste for artar 2021. Den siste kom etter at rapporten til Biofokus / Høitomt vart utarbeid.

Søkaren sine kommentarar.

Eit søk på ny «Norsk rødliste» som vart offentleggjort 24.11.2021 syner at sandsvale, gulspurv, granmeis, grønfink er artar som opptre årleg innanfor influensområdet og som har status «VU» (sårbar) i den nye raudlista. Vidare er gauk, tårnseilar med status «NT» (nær trua) og artar som truleg er i området kvart år.

Oterbestanden har auka mykje i nærliggande område. Både langs kysten og langs vassdraga langt til fjells (bjørkeregionen). Status for oteren i den nye raudlista er «LC» livskraftig bestand og følgeleg ikkje lenger ein «raudlisteart». Oter er kjent frå Stordalsområdet (artsobservasjoner.no) og den nyttar også Stavåna til næringssøk (H. Jøsvoll pers. med.)

Raudlisteart	Kategori	Funnstad	Påverknadsfaktorar*
Stare	NT	Ved bebyggelsen	Habitatendring i kulturlandskap pga endra driftsformer i landbruket.
Sandsvale	VU	Ved bebyggelsen	Egna reirplass (sandtak), næringstilgang og tilhøve utanfor Norge
Gulspurv	VU	Ved bebyggelsen	Endring i leveområder i kulturlandskapet pga endra drift i landbruket
Gauk	NT	Bjørkeskog	Habitatendring i kulturlandskap pga endra driftsformer i landbruket, utbygging av infrastruktur og nedbygging, som har medført redusert tilgang til vertsfuglar samt føde. Kanskje tilhøve utanfor Norge.
Granmeis	VU	Blandingsskog	Granmeisa trivst i blandingsskog i nær fuktige områder, og fragmentering av slike habitater kan virke negativt. Avhengig av morkne trestammer for uthakking av reirhull
Grønfink	VU	Kulturlandskap	Grønfink er utsatt for ein kraftig sjukdoms-epedemi (protozoa parasitt, <i>Trichomonas gallinae</i>) som starta rundt 2005 og dette har medført kraftig bestandsnedgang i fleire land også i Norge.

* sjå [Norsk rødliste for artar 2021 - Artsdatabanken](#)

Konsekvensanalyse saman med 3.6 terrestrisk miljø under.

3.6 Terrestrisk miljø.

Kunnskapsgrunnlaget tek utgangspunkt i utarbeida rapportar om biologisk mangfald for Stavåna (vedlegg 9 A og 9B) og informasjon / observasjonar gjort av personar lokalt.

I 2010 vart rapporten «*Stavåna minikraftverk, virkninger på biologisk mangfold*» utarbeidd av Dag Holtan og Perry Larsen. Bakgrunn var planar om ei utbygging av eit større (5,5 MW / 20 GWh) minikraftverk som skulle nytte fallet i Stavåna heilt ned til hovudelva. Dagens planar om eit minikraftverk på 0,99 MW i ei litt kortare strekning av elva samt endringar i regelverk, raudlister og metodeval gjorde det naudsynt å oppdatere kunnskapsgrunnlaget. Biofokus ved Torbjørn Høitomt undersøkte området i juli 2021 og det resulterte i rapporten: «*Naturverdier i Stavåna i Fjord kommune. Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget i forbindelse med planlagt minikraftverk*».

Artsmangfald vert i rapportane skildra som «forventa» ut frå topografi, geografisk plassering og berggrunn. Bjørkeskog med blåbærlyng og mindre myrområde er den dominerande vegetasjonen i øvre del av influensområdet. Granplantefelt og delvis gran som har sådd seg sjølv finnast i store mengder lengst nede. Karplantefloraen og mosefloraen er grundig undersøkt både i 2010 og 2021 og detaljer skildring finn ein i dei to biologi rapportane. Av viktige funn referert til influensområdet og nærliggande områder kan nemnast: kvitkurle, solblom, brudespore, nattfiol, tyrihjel (nær vestgrensa for denne arten), bergfrue,

Vanlige moseartar var representert av (2010) bekkerundmose, bergpolstermose, bergsotmose, buttgråmose, flekkmose, kammose, kruspotemose, mattehutremose, rødmuslingmose, stråmose og teppekildemose

Naturtypekartlegginga syner fire viktige / lokalt viktige naturtypeområder. Det er to bekkekløfter og to fosse-enger som vist i tabell frå rapporten i 2021.

Lokalitetsnr	Lokalitetsnavn	Naturtype	Areal	Verdi
1	Stavånas bekkekløft, nedre	Skogsbekkekløft (lavlands-lauvskogsbekkekløft)	26,3 daa	B
2	Stavånas bekkekløft, øvre	Skogsbekkekløft (lavlands-lauvskogsbekkekløft)	21,6 daa	C
3	Stavåna v/ Hoggja	Fosse-eng (intermediær fosse-eng)	2,3 daa	B
4	Stavåna S for Liaslættet	Fosse-eng (intermediær fosse-eng)	2,7 daa	C

Fig 3.6.1 Naturtypelokalitetar innanfor influensområdet til Stavåna minikraftverk




Fig 3.6.2 Lokalisering av naturtypelokaliteter og verdi innanfor influensområdet til Stavåna minikraftverk

Begge naturtypeane er raudlista som VU-sårbare.

I rapporten frå 2010 er det nytta matrise for vurdering av konsekvens i høve omfang og verdi som vist under (Korbøl). Biofokus (2021) nyttar matrisa til høgre under. Må sjåast i samanheng når ei les begge rapportane.

Verdi Omfang	Liten	Middels	Stor
Stort positivt			Meget stor positiv konsekvens (++++)
Middels positivt			Stor positiv konsekvens (+++)
Lite positivt			Middels positiv konsekvens (++)
Intet omfang			Liten positiv konsekvens (+)
Lite negativt			Ubetydelig (0)
Middels negativt			Liten negativ konsekvens (-)
Stort negativt			Middels negativ konsekvens (- -)
			Stor negativ konsekvens (- - -)
			Meget stor negativ konsekvens (- - - -)




Fig. 3.6.3 Konsekvensmatriser nytta av Holtan/ Larsen i 2010 og Biofokus i 2021 til høgre

Konsekvensgrad	Matrise 2010	Matrise Biofokus
----	Meget stor negativ	Mest alvorlege miljøskaden for delområdet
---	Stor negativ	Alvorleg miljøskade for delområdet
--	Middels negativ	Betydeleg miljøskade for delområdet
-	Liten negativ	Noko miljøskade for delområdet
0	Ubetydelig	Ubetydeleg miljøskade for delområdet
+	Liten positiv	Noe forbedring for delområdet
++	Middels positiv	Betydeleg miljøforbedring for delområdet
+++	Stor positiv	Stor verdiauke for delområde med ubetydelig verdi
++++	Meget stor positiv	Stor verdiauke for delområde med noe verdi

Fig. 3.6.4 Samanstilling av konsekvensdefinisjonar for dei to biorapportane

Søkjaren sine kommentarar.

Pattedyrfaunaen er representert av vanleg førekommande artar i området. Hjorten har stor verdi som jaktbart vilt. Rådyr, rev og hare er vanlege artar. Måradyra er representert av mår, oter, mink og røyskatt. Jerven kan tenkast å streife sporadisk i fjellområda. Små pattedyrartar (gnagarar og spissmus) har meir ukjent status i området.

Vanlege forventa artar representerar også fuglelivet innanfor influensområdet. Av fugleartar knytt til vatn (fossekall, vintererle og strandsnipe) er det berre fossekall som er kjent frå utbyggingsområdet. På utbyggingsstrekninga er elva, særleg på dei nedre delane, for bratt og stri for fossekallen. Lauvskogliene har potensiale for spetter, særleg grønspekk og flaggspekk, men og kvitryggspekk og dvergspett som ein finn i andre sørvendte lauvskoglier i kommunen.

Syner og til tabellen ovanfor som viser raudlisteartar som er observert eller truleg finns i området.

For terrestrisk miljø vert verdi – påverknad og konsekvensvurdering utført av Biofokus i 2021 nytta.

Verdi				
<i>Uten betydning</i>	<i>Noe</i>	<i>Middels</i>	<i>Stor</i>	<i>Svært stor</i>
----- ----- ----- -----				
Naturtypar		▲		
Raudlisteartar	▲			
Terrestrisk naturmangfald samla		▲		

Støy i anleggsfasen kan tenkast å forstyrre det terrestriske miljø, men vil for det meste ha eit nivå som årleg kan forventast frå vanleg landbruksaktivitet området (skogsvegbygging og tømmerhogst inkludert) og får same verdi.

Tema naturtypar gis påverknadsgraden «noko forringa» og tema raudlisteartar får «ubetydeleg endring».

Påverknad (konsekvens)					
	<i>Sterkt forringa</i>	<i>Forringa</i>	<i>Noko forringa</i>	<i>Ubetydelig endring</i>	<i>Forbedra.</i>
	----- ----- ----- ----- -----				
Naturtyper			▲		
Raudlisteartar				▲	

Samla påverknadsgrad for dei to deltema vert «noko forringa».

Konsekvensen vert sett til **«noko negativ konsekvens (-)»** for det terrestriske miljø som følgje av ei utbygging av Stavåna minikraftverk som omsøkt i denne søknad.

3.7 Akvatisk miljø

I den delen av Stavåna som vert nytta til Stavåna minikraftverk er stasjonær aure (bekkeare) einaste fiskearten. Den korte anadrome strekninga av Stavåna endar oppunder fossen nedanfor vegen og ligg utanfor influensområdet til dette prosjektet.

Stavåna renn hurtig over glattskura berg og botn med grov stein og har ikkje elvebiotopar som høver for elvemusling. Det er ikkje kjent at det vandrar ål i vassdraget.

Naturtypen «fosseeng» og «fosseberg» er sårbar (VU) i den Norske raudlista for naturtypar (2021). To slike lokalitetar er registrert langs Stavåna på utbyggingsstrekninga. To naturtyper «bekkekløft» er og registrert langs Stavåna. Verdi , påverknad og konsekvens er omtalt i rapporten 2021 og kapittel overfor.

Verdi		
<i>Liten</i>	<i>Middels</i>	<i>Stor</i>
----- ----- -----		
	▲	

Utslepp av lausmasser i anleggsfasen kan tenkes å forstyrre det akvatiske miljø nedstraums inntak og kraftstasjon når disse vert bygd. I driftsfasen vil periodar med minstevassføring i vinterhalvåret vil ha negativ verknad.

Omfanget vert vurdert til **middels negativt** i anleggsfasen og **lite – middels negativt** i driftsfasen.

Omfang					
	<i>Stor neg</i>	<i>Middels</i>	<i>Lite /ingen</i>	<i>Middels</i>	<i>Stor pos.</i>
	----- ----- ----- ----- -----				
Anleggsfasen		▲			
Driftsfasen			▲		

Konsekvensen i det lange perspektiv, dvs driftsfasen til Stavåna minikraftverk for det akvatiske miljø vert vurdert til **«lite negativ konsekvens (-)»**

3.8 Verneplan for vassdrag og Nasjonale laksevassdrag

Stordalselva vart varig verna gjennom verneplan III for vassdrag 19. juni 1986. Dette gjeld heile nedbørsfeltet, inkl. alle sidevassdrag. Eit minikraftverk (0,1MW – 1 MW) med maksimal slukeevne på 0,5 m³/s nyttar 39 % av årsmiddelvassføringa på 1,29 m³/s. Anadrom strekning i Stordalselva går om lag 250 m forbi samløpet mellom Stavåna og Stordalselva. Nedre del av Stavåna vert lite påverka av Stavåna minikraftverk og ein ventar ikkje negative konsekvensar for den korte anadrome strekninga. Stordalselva vil få tilført vatn frå Stavåna som vanleg etter eventuell bygging av Stavåna minikraftverk.

Stordalselva er ikkje eit nasjonalt laksevassdrag. Nærmaste nasjonale laksefjorvar / nasjonale lakseelvar er Romsdalsfjorden / Raumaelva og Ørsta fjorden / Ørsta elva, sjå figur 3.8.1.



Fig. 3.8.1 Nasjonale laksefjorvar / lakseelvar i Møre og Romsdal

Bygging av Stavåna minikraftverk vil dermed ikkje ha verknad for Nasjonale laksevassdrag. Anleggsperioden vil truleg kunne medføre at lausmasser vert tilført elva og ført vidare til Stordalselva som er eit anadromt vassdrag. Omfanget vil truleg være på nivå med det som hender i elva årleg under flaum.

Stordalsvassdraget med alle sidevassdrag vart verna mot kraftutbygging i verneplan III for vassdrag 19. juni i1986. Utbygging av minikraftverk med generatoryting inntil 1 MW i verna vassdrag har ved fleire høve fått konsesjon.

Bygging av Stavåna minikraftverk med generatoryting 0,99 MW og eit vassforbruk på inntil 0,5 m³/s vil berre ha marginal verknad for vassmiljøet i elva og det visuelle inntrykket av elva i dei nedre delane. Den nedre fossen som er ein viktig del av det visuelle inntrykket av bygningsmiljøet og naturen i området vert ikkje påverka.

Verdi	
	Liten Middels Stor
Nasjonale laksevassdrag	▲
Verna vassdrag	▲

Sidan dette ikkje er eit Nasjonalt laksevassdrag er det berre omfanget for vassdraget sin status som verna vassdrag som er vurdert.

Omfang				
Stor neg	Middels	Lite /ingen	Middels	Stor pos.
----- ----- ----- -----				
Anleggsfasen		▲		
Driftsfasen		▲		

Konsekvensen i driftsfasen for elva som verna vassdrag vert då **"liten negativ konsekvens (-)"**.

3.9 Landskap

I følge "Nasjonalt referansesystem for landskap" (NIJOS-Rapport 10-05), ligg utbyggingsområdet i landskapsregion 22 «Midtre bygder på Vestlandet», men nær overgangen til landskapsregion 23 «Indre bygder på Vestlandet».

Stavåna renn saman med Stordalselva i nedre del av Nørdalen, ca. 8 km aust for kommunesenteret Stordal. Stavåna har relativt liten variasjon i naturmiljøa, og er i nedre del sterkt prega av tidlegare inngrep, då særleg planting av gran.

Store deler av elvestrekningen mellom inntak og kraftstasjon er topografisk sett ei bekkekløft med mange fossar, små juv og jettegryter. Mest utprega er denne naturtypen i nedre delar av strekninga og deler av strekninga er svært vanskeleg tilgjengeleg. Området frå riksvegen og oppover er truleg ikkje utsett for menneskeleg påverknad i elvestrengen. Men lags elva lengst nede er det mykje gran på begge sider. Det pågår omfattande hogst av gran i området. Frå området ved «Gamlegarden» og oppover er det bjørkeskog som dominerar. Her går og stien fram til Botnastølen og Stavdalstølen som ligg på austsida av elva. På vestsida ligg Jasvollstølen. Det er gangbru over elva om sommaren. Ved stølane har landskapet opna seg mykje.

I VVV-rapport 2001 -47, verneverdiar i verna vassdrag nr 47 som omhandlar Stordalselva , Stordal i Møre og Romsdal (http://publikasjoner.nve.no/vvv_rapport/2001/vvvrappport2001_47.pdf) er m.a. landskapsformasjonar m.m. registrert og gitt verdi etter nasjonal-, regional eller lokal verdi.

For områder nær eller innanfor influensområdet til Stavåna minikraftverk er dette registrert:

LANDSKAPSBILDE			
Nr i rapp.	Objekt / status 2001	Gradering	Side i vvv-rapport
L2	Botnastølen. Det avgrensa dalrommet med den vassrike Stavåna. Bygningar ved elva lagar eit fint og uttrykksfullt samspel mellom natur og kultur. Godt innsyn og seterlandskapet trer godt fram.	Lokal verdi	26
L3	Stavåna nedre del. Stavåna renn kraftfullt over strekninga. Delvis åpent eksponert og delvis i skjul gjennom trange gjel. Nedre del har bygg som har nytta vasskrafta (restaurerte og i god stand)	Lokal verdi	26




Fig. 3.9.1 Utbyggingsstrekninga frå stasjon til inntak plassert i landskapet rundt.



Fig. 3.9.2 Eksempel på område for rørtrace' i bjørkeskog langs stien til stølane

Kraftstasjonen var først tenkt plassert på kote 116 – 117 aust for fossen ved Stavåplassen. Av omsyn til bygningsmiljøet i området ved fossen, der fleire gamle bygg er restaurert og oppatt bygt, og for å sleppe å krysse riksvegen med tekniske anlegg samt påvirke landskapsbildet ved fossen, er stasjonen no tenkt plassert ovanfor riksvegen.




Fig. 3.9.2 Endring i inngrepsfri natur som følge av Stavåna minikraftverk

Inntaket vil endre avstand til inngrepsfri natur definert som 1-3 km frå nærmast tekniske inngrep og redusere arealet med 1,26 km² som vist i fig. 3.9.2. For inngrepsfri natur med avstand 3-5 km frå tekniske inngrep vil det verte ein reduksjon på om lag 1,8 km². 1-3 km aukar med det tilsvarande arealet, dvs netto auke på 1,8 km² – 1,26 km² = 0,54 km².

INON sone	Endra INON status	Areal tilført frå høgare INON	Netto bortfall
1-3 km frå inngrep	1,26	1,8	+0,54
3-5 km frå inngrep	1,8	0	-1,8
>5 km frå inngrep	0		0

Alle tal i km²

Landskapet vert vurdert til å ha **«middels til stor verdi»**, særleg stølsmiljøet ovanfor inntaket og juva i elva nedst nede. Bygging av Stavåna minikraftverk påverkar ikkje i stølsområdet. I juva er ei marginalt redusert vassføring einaste konsekvensen for landskapsbildet. Turbinrøyr er grava ned på heile strekninga og vil etter attgroing verte svært lite synleg.

Verdi		
Liten	Middels	Stor
----- -----		

Omfanget vurderes til **«middels negativt»** i anleggsfasen og svakt **«lite – ingen negativt»** i driftsfasen.

Omfang				
Stor neg	Middels	Lite /ingen	Middels	Stor pos.
----- ----- ----- -----				
Anleggsfasen	▲			
Driftsfasen		▲		

For anleggsfasen vil bygging av Stavåna minikraftverk gi ein **“liten - middels (-/-) negativ”** konsekvens og for driftsfasen en **“ubetydelig (0)”** konsekvens

3.10 Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø er definert i Lov om kulturminne som *"alle spor etter menneskelig virksomhet i vårt fysiske miljø, herunder lokaliteter det knytter seg historiske hendelser, tro eller tradisjon til"*.

Kulturmiljø er definert som *"områder der kulturminner inngår som en del av en større helhet eller sammenheng"*.

Automatisk freda kulturminne er arkeologiske og faste kulturminne frå før år 1537 og alle erklært ståande byggverk frå før år 1650.

I VV-rapport 2001 -47, verneverdiar i verna vassdrag nr 47 som omhandlar Stordalselva , Stordal i Møre og Romsdal er m.a. kulturminne registrert og gitt verdi etter nasjonal-, regional eller lokal verdi.

For områder nær eller innanfor influensområdet til Stavåna minikraftverk er kulturminne registrert:

Nr i rapp.	Objekt / status 2001	Side i vv-rapport
K8	Stølesetra. To sel i forfall og elles berre tufter att etter setra som vart satt opp på 1840 talet.	38
K9	Jøsvollstølen og Stavadalsstølen med eit stort antal sel og seterfjøs hovedsakleg frå 1840 talet. Delvis nytta som fritidsboligar.	39
K12	Jøsvoll , to kvernhus frå 1840 talet. I dag delvis restaurert / oppatt bygd. Også ei stampe er i dag oppatt bygt, fig. 3.10.3. Ei stampe vart nytta til å banke våte ullplagg til vadmél.	42




Fig. 3.10.1 Stavdalsstølen, Botnastølen og Jasvollstølen med registrerte kulturminne.



Fig. 3.10.2 Registrerte kulturminne nær nedre del av utbyggingsområdet.



Fig. 3.10.3 Kvernhus og stampe ved Stavåna heilt nede ved samløpet til Stordalselva.

Verdi		
Liten	Middels	Stor
----- ----- -----		
▲		

Omfang				
Stor neg	Middels	Lite /ingen	Middels	Stor pos.
----- ----- ----- -----				
Anleggsfasen		▲		
Driftsfasen		▲		

For anleggsfasen vil byggingen av Stavåna minikraftverk gi ein **"liten-middels (-/-) negativ"** konsekvens for kulturminner og for driftsfasen en **"ubetydelig (0)"** konsekvens

3.11 Reindrift

Ikkje relevant for dette prosjektet.

3.12 Jord- og skogressursar

På strekninga frå kraftstasjon til inntak er det ingen landbruksressursar i form av dyrka eller dyrkbar jord. På nedre del av influensområdet er det planta gran opp til «Gamlegarden», fig. 3.10.2. Granskogen nærmar seg hogstmoden alder og representerer nok skogsverdien i området. Røyrtrase vil gå i gjennom dette plantefeltet og ein del gran må hoggast. Denne har relativt låg bonitet / verdi iflg grunneigarane. Vidare oppover er det relativt lys open lauvskog der bjørk er det dominerande treslaget. Lav bonitet, G14 ifølge skogansvarleg, og svak tilvekst. Området har tradisjonelt hatt verdi som beitemark og uttak av ved. Beiting er det no slutt på. Men hjortejakta skjer årleg i dette området. Planar for utviding av dagens skogsbilveg føreligg.

Verdi		
Liten	Middels	Stor
----- -----		
▲		

Omfanget vurderes til **«middels negativt»** i anleggsfasen og **«lite negativt»** i driftsfasen.

Omfang				
Stor neg	Middels	Lite /ingen	Middels	Stor pos.
----- ----- ----- -----				
Anleggsfasen	▲			
Driftsfasen		▲		

Hogst av gran i røyrtrase er ikkje i seg sjølv negativt, men i høve hogststrategi frå grunneigarane og skogsentreprenør kan lønsemda bli redusert når ein ikkje får ta all skog samstundes.

For anleggsfasen vil bygginga av Stavåna minikraftverk gi ein **«middels negativ konsekvens(-/-)»**

for jord og skogressursar. For driftsfasen vert det ein **«ubetydelig konsekvens (0)»**

3.13 Ferskvassresursar




Fig. 3.13.1 Kartutsnitt frå «GRANADA» syner ingen vassressursar som er nytta i utbyggingsområdet

Det er ingen registrerte uttak av vatn i dag jfr kartutsnitt frå GRANADA. Frå gammalt av vart det overført vatn i ein kanal frå eit område nær der inntaket no er planlagt. Denne kanalen var grava ut for hand og førte vatn til kvernhus nede på Støvdal. Ferskvassresursane i influensområdet har **«liten verdi»** for folk i området i dag.

Verdi		
Liten	Middels	Stor
----- -----		
▲		

Ein forventar tidvis lausmassar i elva (elva får brun farge) i anleggsperioden men ingen konsekvens i driftsfasen. Omfanget vert **«lite – middels»** i anleggsfasen.

Omfang				
Stor neg	Middels	Lite /ingen	Middels	Stor pos.
----- ----- ----- -----				
Anleggsfasen	▲			
Driftsfasen	▲			

I anleggsfasen vil bygging av Stavåna minikraftverk gi ein **“liten - middels negativ** konsekvens (-/-)» for ferskvassresursane. For driftsfasen vil det gi ein **“ubetydelig (0)”** konsekvens.

3.14 Brukarinteresser

På stølane, Jasvollstølen, Botnastølen og Stavadalstølen er fleire stølshus nytta som fritidshus. Mellom stølane renn Stavåna som i smelteperioden kan være svært stor ($5-8 \text{ m}^3/\text{s}$). Difor er det etablert ei «sommarbru» for at folk skal kunne krysse elva trygt og tørt. Denne brua vert tatt ned om hausten før vinteren kjem.

Eit aktivt lokalmiljø / bygdemiljø har nytta stølsområdet til friluftsansettment i nyare tid. Her er og ein «Stikk-ut» post. Stikk-ut er eit tur og trim arrangement i Møre og Romsdal som er operativt frå 1. mai til ut oktober. Digital løysing med app og interaktive digitale kart og deltakarane prøver å få mange registreringar totalt eller flest registrerte turmål. I 2021 var det registrert 49700 deltakarar i fylket og mange av dei finn og vegen til Botnastølen som vist på fig. 3.14.1. Dette medfører aktiv bruk av skogsvegane og stiane i området.




Fig. 3.14.1 Kartutsnitt frå «stikkut.no» som viser Stikk-ut mål i området for 2021 sesongen.





Fig. 3.14.2 Kartutsnitt frå Gislink.no som viser kartlagt viktig friluftsområde.

Hjortejakta har stor verdi både som matauk, forvaltning og rekreasjon og influensområdet til Stavåna minikraftverk inngår i etablerte jaktfelt. Aktivitet i byggeperioden vil uroe hjorten, men erfaring tilseier at den fort venner seg til uro som støy og inngrep som vegar og røytrasear og er


ofte den første som tek i bruk nye vegar. I driftsfasen vert det truleg ingen negative konsekvensar for hjorteviltet og jakta, men litt positiv konsekvens grunna betre tilkomst (ATV spor, utkjøring av felt vilt).

I området ved utløpet ved Stavåplassen, er det eit «kulturmiljø» som inneheld bygg som representerar tidlegare bruk av vasskrafta. Saman med vatnet som utfoldar seg i fossen like ved gir det dette området eit særpreg. Området vert nytta til arrangement som t.d. musikkonsertar med lokale aktørar.

Summen av det som vert omtalt ovanfor gir influensområdet totalt sett **«middels - stor verdi»** når det gjeld brukarinteresser.



Omfanget vert vurdert til **liten -middels negativt** i anleggsfasen og **liten- middels positivt** i driftsfasen. Dette på grunn av betre stiar i skogen fram til stølane.



Samla gir dette ein **«liten negativ konsekvens (-)»** for anleggsfasen og **«liten positiv konsekvens (+)»** for driftsfasen.

3.15 Samfunnsmessige verknadar

Ei utbygging av Stavåna minikraftverk, med ei investeringsramme på nærmare 25 MNOK vil kunne føre til ringverknadar i forbindelse med auka sal av varer og tenester i Fjord kommune og andre nærliggande kommunar. Ei masteroppgåve utført ved Universitetet for Miljø og Biovitenskap (Hustoft, 2006) har undersøkt den direkte og indirekte lokale verdiskapinga i ei kommune ved bygging av småkraftverk og minikraftverk.

Resultatet viser at verdiskapinga frå slike prosjekt er betydeleg og størst verdiskaping får ein ved dele opp entreprisane. Den indirekte verdiskapinga i lokalsamfunnet er ofte like stor som den direkte verdiskapinga (dvs. grunneigarane sine inntekter frå minikraftverket).


I driftsfasen vil tilsyn med minikraftverket verte ein del av Tafjord Kraftproduksjon AS sine driftsrutiner. Det vil verte utført av vårt mannskap som er lokalisert i Tafjord.

Små kraftverk (under 10 MVA) betalar eigedomsskatt som ein årleg promillesats av investeringa. Verdien vert sett ved utbygging og justerast så kvart 10. år. Satsen er 7 promille (0,007) og dette gir (forenkla) $25 \text{ MNOK} \times 0,007 = 175 \text{ 000 kr/år}$.

Med ei generatoryting på om lag 0,99 MW er Stavåna minikraftverk eit lite, men viktig bidrag til offentlege målsettingar om ein auka i den samla fornybarproduksjon.


Minikraftverket vil i gjennomsnitt produsere om lag 6,8 GWh, tilsvarende forbruk i ca. 300 einebustadar. Tiltaket vil gi marginalt auka skatteinntekter til Fjord kommune. I anleggsfasen vil tiltaket generere ein del sysselsetting og økt lokal omsetning. I driftsfasen vil det være noko behov for drift og vedlikehald av anlegget.

Verdien av samfunnsmessige verknader vil være forskjellige for anleggsfasen (om lag 1 år) til driftsfasen (40-60 år +++).



Relativt stor verdi (lokalt varekjøp – entreprenører) i ein kort anleggsperiode og ein meir beskjeden verdi årleg (eigedomsskatt og inntektsskatt) i ein lang driftsperiode er forsøkt illustrert i figuren over.

Omfanget av samfunnsmessige verknader i byggeperioden er av relativt kort varigheit og vert vurdert som **«lite»** og for driftsperioden som er av stor varigheit til **«middels positivt»**.




Samfunnsmessige verknadar vert samla for både anleggsperioden og driftsperioden vurdert til: **“Lite positiv konsekvens (+).”**

3.16 Kraftliner

22 kV kraftlinje går parallelt med vegen fram igjennom Nøredalen og passerer berre nokre meter frå tiltenkt stasjonstomt. Tilkobling til dette lokale 22 kV nettet skjer via ein 22 kV jordkabel til nærmaste 22 kV mastepunkt. Avstanden er om lag 20 m. Kabeltype og tverrsnitt / spenningsnivå vil avhenge av områdekonsesjonær sine krav til plassering av transformering frå generatorspenning til nettspenning (t.d. frå 690 V til 22000 kV).

Nett tilknytning vil, uavhengig av kabeltype, ikkje ha konsekvensar i driftsfasen. For anleggsfasen vil alle inngrep være skjult etter første vekstsesong. Dersom netteigar krev eigen nettstasjon i mastepunkt vil den bandlegge eit mindre areal utmark permanent. Arealet har uansett **«lite verdi»**.



Omfanget er lite , dvs lite arealbruk og kort «anleggsperiode» i høve mange år med drift og det er driftsperioden som betyr noko og vert sett til **«lite - ingen omfang»**.

Omfang				
Stor neg	Middels	Lite /ingen	Middels	Stor pos.
----- ----- ----- -----				
Driftsfasen		▲		

Konsekvensen av å etablere nett tilknytning for Stavåna minikraftverk vert vurdert til ein **“ubetydelig konsekvens (0)”**.

3.17 Dam og trykkrøyr

Røyrbrøt kan ha konsekvensar for veg, miljø og kraftstasjonsbygget. Syner til skjema for klassifisering av dam og trykkrøyr med vurdering av konsekvensar samt omtale av Stavåna minikraftverk i denne søknaden.

Volum i inntaksdam er lite og avstand til veg og bygningar er 1,7 km. Vassmengda vil fordele seg i elveløpet som er robust med tanke på store vassmengder. Skadar på veg eller bygg er lite truleg og det same gjeld terrenget langs elva.

Brøt på turbinrøyr vil medføre terrengskade og har potensiale for å skade skogsvegar i området.

Røyrgate og dam vert foreslått plassert i klasse 0.

3.18 Ev. alternative utbyggingsløyningar

Stavåna er eit verna vassdrag (sideelv til Stordalselva) og erfaringsmessig har fleire minikraftverk fått konsesjon til å bygge i verna vassdrag så lenge maks generatoryting er under 1 MW. Denne generatorytinga er og med i planane for Stavåna minikraftverk.

Med så lite yting og rikeleg med fallhøgde så vil det være fleire alternative strekningar i elva som kan nyttast.

Vårt val er grunngjeve med:

Anleggsdel og val av løysing	Grunngjeving / miljøomsyn
Kraftstasjon ovanfor riksvegen på kote 150 moh	Unngå å påverke vassmiljøet nedstraums riksvegen. Unngå å krysse riksvegen med tekniske anlegg. 22 kV kraftleidning er svært nær (20m)
Inntak på kote 410 moh	Eigna inntaksstad. Lite innsyn. Relativt lite inngrep for å bygge eit lavt coandainntak. Tilgjengeleg frå dagens sti, ev. framtidig køyrespor i røyrtrase eller skogsveg.
Langt turbinrøyr (1700 m)	Langt turbinrøyr reduserer vassforbruk i turbinen og diameter på røyr. Mindre inngrep i røyrtrase og mindre bortfall av vatn i elva, berre 0,5 m³/s. Det er 39 % av middelvassføring over året og mykje mindre i sommar halvåret når vassføringa er mykje større.

3.19 Samla vurdering

Konsekvensvurderingane for dei ulike tema i kapittel 3 er her ført opp samla i ein tabell.

Tema	Konsekvens	+/-	Søkjar/konsulent vurdering
Vasstemp., is og lokalklima	<i>Liten negativ konsekvens</i>	-	søkjar
Ras, flaum og erosjon	<i>Ubetydeleg konsekvens</i>	0	søkjar
Ferskvassressursar	<i>Ubetydeleg konsekvens</i>	0	søkjar
Grunnvatn	<i>Ubetydeleg konsekvens</i>	0	søkjar
Verneplan for vassdrag	<i>Liten negativ konsekvens</i>	-	søkjar
Brukarinteresser	<i>Liten positiv konsekvens</i>	+	søkjar
Raudlisteartar	<i>Liten positiv konsekvens</i>	-	Konsulentar / søkjar
Terrestrisk miljø	<i>Liten positiv konsekvens</i>	-	Konsulentar / søkjar
Akvatisk miljø	<i>Liten negativ konsekvens</i>	-	Konsulentar / søkjar
Landskap og INON	<i>Liten negativ konsekvens</i>	-	Konsulentar / søkjar
Kulturminne og kulturmiljø	<i>Ubetydeleg konsekvens</i>	0	søkjar ¹
Reindrift	<i>Ikkje relevant</i>	X	Ingen reindrift i området
Samfunnsmessige konsek.	<i>Liten positiv konsekvens</i>	+	søkjar
Jord og skogressursar	<i>Ubetydeleg konsekvens</i>	0	søkjar
Oppsummering	<i>Liten negativ – ubetydeleg konsekvens</i>	-/0	

¹⁾ med uttale frå fylket si kulturminneavdeling

3.20 Samla belastning

Som fig. 3.20.1 viser er det svært få utbygde småkraftverk i området. Stordalsvassdraget er eit verna vassdrag og nokre av dei omkring liggande vassdraga er og verna (Valldalselva, Måndalen, Norddalselva og Solnørvassdraget). Det er berre eit minikraftverk i dei verna vassdraga i området, og det er Hoelsfossen i Valldøla. Bygging av Stavåna minikraftverk endrar ikkje dette inntrykket mykje.




Fig. 3.20.1 Kartutsnitt frå NVE Atlas (innsynsløysing på nett) som viser utbygde kraftverk i området.

Stordalsfjella, og særleg områda som ligg i tilknytning til den omfattande hytteutbygginga på Overøye, er mykje nytta både sommar og vinter. Men også områda langs Stavåna innover Jasvollbotnen mot Lauparen er mykje nytta. Andre områder kan og nemnast, men alle har det til felles at ei utbygging av Stavåna minikraftverk ikkje vil redusere turopplevinga nokon av stadane. Ikkje ein gong turen mot Jasvollbotnen då inngrepa langs Stavåna vil gro igjen etter kort tid, endring i vassføring er svært lita og inntaksdammen vert lite eksponert.

For vassdragsvernet vil dette verte første inngrepet som «låner» litt av vatnet over ei definert strekning av ei sideelv. Visuelt og med tanke på naturoppleving vil nok bygging av Stavåna minikraftverk være nærmast ubetydeleg. Andre inngrep knytt til fritid, landbruk og næringsverksemd generelt har satt større spor etter seg i naturen til nedbørsfeltet til Stordalsvassdraget.

Dei frodige, sørvendte lauvskogliene frametter Stordalen og Nøredalen representerer rike naturtypar. Det samla areal er stort og bygging av Stavåna minikraftverk influerer berre på ein svært liten del av det totale areal under bygginga. Deretter, i driftsfasen, vil belastninga på naturen være ubetydeleg.

I rapporten «Stavåna småkraftverk, virkninger på biologisk mangfold, Holtan & Larsen 2010» er områdets verdi i forhold til tilsvarende områder i Stordalen vurdert:

«Virkninger og konfliktgrad er avhengig av om det finnes lignende kvaliteter utenfor utbyggingsområdet.

Undersøkellesområdet ligger mellom 100 og 350 m o.h. Den jevne topografien i undersøkelsesområdet (småskalakupert, dog med bekkekløft) og små kjente forskjeller i for eksempel berggrunnsforhold, gjør at det er grunn til å anta at naturtyper som ligger i undersøkelsesområdet mellom andre høydelag, også er relativt godt dekt opp andre steder i nedbørfeltet i Stordalsvassdraget sett under ett.

Noen omfattende sammenligning med andre vassdrag i distriktet er ikke gjort. Det er grunn til å trekke fram at ingen av de påviste naturtypene eller artene i nedbørfeltet i utredningsområdet virker spesielt sjeldne eller unike for distriktet/regionen. Tvert imot er det gjennom naturtypekartleggingen i 2004 dokumentert betydelige verdier i bjørkeskog med høgstauder (bl.a. mye kvitkurle og solblom, begge rødlistet VU) og ikke minst rike fjellområder med regionalt sjeldne arter (bl.a. vestlige funn av stivsildre) innenfor eller inntil den vernede delen av Stordalsvassdraget. Også for rikmyr er det interessante og intakte utforminger i øvre del av vassdraget, bl.a. med mye gullmyrklegg (vestgrense), hårstarr og skavgras. De naturfaglige beskrivelsene tyder på at de dekker godt opp den miljøvariasjonen som er kjent (jfr. Jordal m.fl. 2005 og Melby & Gaarder 2001).»

4 Avbøtande tiltak

Minstevassføring.

Stavåna minikraftverk, som Tafjord Kraftproduksjon AS søker om å få bygge i Stavåna, vil få turbinslukeevne på 0,5 m³/s. Det er 0,39 x middelvassføringa gjennom året.

For andre småkraftverk / minikraftverk er vanleg slukeevne 2-2,5 x middelvassføringa.

Med så låg utnytting av vassføringa vil minstevasslepp, særleg i sommarhalvåret (1. mai – 30. september) ha lita betydning.

Vi søker om å få godkjent vanleg nivå (5 % persentil) på minstevassføring for Stavåna minikraftverk. Det vert ut frå berekningar gjort i NEVINA, NVE si innsynsløysing på nett for berekning av hydrologiske verdier i vassdrag:

Sommar (1. mai – 30. september) : 170 l/s

Vinter (1. oktober – 30. april): 49 l/s

Støydemping.

Ei nødvendig avbøtande tiltak kan være støydemping frå turbin. Plassering av kraftstasjon i eit område der det er lite ferdsel og lang avstand til hus gjer støydemping mindre kritisk. Lyden av elva og trafikken på riksvegen vil være det dominerande lydbildet i store delar av døgnet, særleg ved stor vassføring.

Plassering av stasjon og inntak.

Kraftstasjonen er plassert ovanfor riksvegen på kote 150 moh for å unngå påverknad for vassmiljøet nedstraums riksvegen. Det gjeld både sjølv fossen og fleire bygg med tilknytning til vasskraft i gamle dagar. Vidare er det kort ved (20 m) til 22 kV nettet for nett tilknytning.

Inntaket er plassert på ein stad der det er lite innsyn frå turstiar i området. Det er og ein godt eigna stad for å kunne bygge inntaket slik at det fell godt inn i terrenget på staden.

Kunstig hekkeplass for fossekall.

Det er usikkert om, eller kvar, fossekallen har eventuelle reirplassar i Stavåna. Med den lille slukeevna turbinen til Stavåna minikraftverk vil få vil nok konsekvensane for eventuell hekkande fossekall være ubetydelege. Ei hekkekasse for fossekall vil verte montert i utløpet til kraftstasjonen og kanskje dermed etablere ein god hekkeplass.

Fiskevandring og omsyn til liv i elva.

Elva på utbyggingsstrekninga har ein liten bestand av bekkeare. Inntaket vert utført som coandainntak (vatnet renn over og igjennom rister med 1-2 mm opning). Levande organismar i elva større enn dette vil bli ført tilbake til elva nedstraums inntaket. Minstevassleppet vert utført med fiskevandring.

Omløpsventil i kraftstasjonen.

Kraftstasjonen skal byggast med omløpsventil for å sikre at elva nedstraums (anadrom dei siste 100 m før hovedelva) får jamn vassføring dersom kraftstasjonen får ein stopp.

Re-etablering av vegetasjon.

Alt vegetativt materiale i røyrtrase, stasjonstomt, ved inntak m.m. skal leggst til sides og tilbakeførast til slutt. I denne naturtypen som utbyggingsstrekninga går igjennom er det rikeleg med vegetasjon (frø, røter) i det øvste jordlaget og inngrepa forventast å gro igjen i løpet av eit til to år.

5 Referansar og grunnlagsdata

Stavåna kraftverk, virkninger på biologisk mangfold, Holtan / Larsen i mai 2010

Biofokus v. Høitomt *Naturverdier i Stavåna i Fjord kommune - Oppdatering av kunnskapsgrunnlaget i forbindelse med planlagt minikraftverk* september 2021.

Coandainntak og effekt på fisk: Buell, J.W. (2000). Ph.D. Biological performance tests of East Fork irrigation district's sand trap and fish screen facility.

NVE veileder, Slipp, måling og dokumentasjon av minstevannføring 2021. Sigrun Birkeland Rawcliffe, Anne Gunvor Berthling, Heidi Anette Grønsten, Pernille Dorte Bruun, Even Vegard Dalen, Lars Midttun, Frode Thorset Kvernhaugen

NATURBASE, <https://geocortex01.miljodirektoratet.no/Html5Viewer/?viewer=naturbase>

Norske Lakseelver <http://www.lakseelver.no>

Nordvestnett, vurdering av nettkapasitet januar 2022.

Svein Haftorn, Norges Fugler

<http://www.vannportalen.no>

NVE Atlas <https://atlas.nve.no/Html5Viewer/index.html?viewer=nveatlas#>

NVE NEVINA, <http://nevina.nve.no/>

NIJOS-rapport 10/2005-beskrivelse av Norges 45 landskapsregioner.

Miljøstatus Norge <http://www.miljostatus.no/kart/>

Elv og grunnvatn, NVE 8/2005, Herve Colleuille, Panagiotis Dimakis, Wai Kvok Wong.

https://publikasjoner.nve.no/rapport_miljoebasert_vannfoering/2005/miljoebasert2005_08.pdf

G R A N A D A Nasjonal grunnvannsdatabase <http://geo.ngu.no/kart/granada/>

Nasjonal vegdatabank. Statens Vegvesen

Statens Vegvesen-Handbok 140

Hydrological projections for floods in Norway under a future climate. Deborah Lawrence and Hege Hisdal - NVE-2011, http://webby.nve.no/publikasjoner/report/2011/report2011_05.pdf

Flaggermus og vassdrag.

"Michaelsen, T.C, Jensen, K.H. & Högstedt, G. in press. Topography is a limiting distributional factor in the soprano pipistrelle at its latitudinal extreme. Mammalian Biology (2011), doi:10.1016/j.mambio.2010.12.004".

NOF rapport 3-2007: "Små kraftverk og fossefall" Christian Steel, Roald Bengtson, Kurt Jerstad, Anne Kjersti Narmo og Trond Øigarden.

6 Vedlegg til søknaden

1. Regionalt kart. Fig. 1.3.1 i søknaden side 5. Prosjektet er merka av.
2. Oversiktskart (1:50 000). Nedbørfelt og konsesjonssøkt prosjekt skal vere teikna inn.
3. Detaljert kart over utbyggingsområdet (1:5000). Kartet viser inntak, vassveg, kraftstasjon, nye og eksisterande kraftlinjer, tilknytingspunkt, nye og eksisterande vegar, eigedomsgrenser og arealbruk. Prosjektet teikna inn med farger.
4. Hydrologiske kurver i eigen hydrologirapport:
 - Kurver som viser vassføringa på utbyggingsstrekke før og etter utbygging i eit tørt, vått og middels år.
 - Øvrige kurver og tabellar
5. Fotografiar av råka område (oversiktsbilete, inntaksområde, røyrtrasé, kraftstasjonsplassering, ev. særmerkte landskapselement el. verneområde). Inngrepa kan gjerne visualiserast/teiknast inn på bileta. Ved eksponering i et større landskapsrom skal tekniske inngrep som dammar, vegar og røyrgetrasé vere visualisert.
6. Vannføringsmåling Stavåna minikraftverk.
7. Oversikt over råka grunneigarar og rettshavarar. Innatt i kapittel 2.5.
8. Uttale frå områdekonsesjonær vedrørande nettkapasitet.
9. A Miljørapport/ biologisk mangfald 2010 av Holtan & Larsen.
B Miljørapport / biologisk mangfald 2021 Biofokus v. Høitomt.

Skjema som skal følgje søknaden som sjølvstendige dokument


- Dokumentasjon av hydrologiske forhold


Skjema tatt inn i hydrologirapport vedlegg 4


- Skjema for klassifisering av dammer og trykkrøyr


<https://www.nve.no/energi/tilsyn/damsikkerhet/klassifisering/>












Hydrologiske data til bruk ved planlegging av Stavåna minikraftverk , Fjord kommune.




Vassdrag nr. 100.2Z, regine 100.2B2Z i Fjord kommune,
Møre og Romsdal fylke


Vurdering av hydrologiske forhold / val av vassmerke / val av minstevassføring og verknad av utbygginga.

Tabell 1 : Hydrologiske data / feltdata for Stavåna kraftverk

Feltareal	20,6	km ²
Inntak kote	410	Moh
Avløp	150	Moh
Røylengde	1700	M
Restfelt	2,15	km ²
Tilsg ved inntak (Q middel)	1,29	m ³ /s
Tilsg frå restfelt v. stasjon	0,13	m ³ /s
Spesifikk avrenning	62,6	l/s/km ²




Figur 1 Stavåna kraftverk, nedbørsfelt gult og restfelt grønt.




Figur 2 Stavåna kraftverk, nedbørsfelt, restfelt og referansefelt for hydrologiske berekninger

Val av referansefelt for hydrologisk data er gjort ved å samanlikne feltdata for Stavåna kraftverk med feltet til Juvfossen kraftverk (satt i drift i 2000) og målingar i Dyrkornelva. Valet falt på Juvfossen kraftverk sitt felt då dei to felta har svært samanfallande hypsografisk kurve m.m. fig. 3. Avvik i vassføring mellom Stavåna og Juvfossen kjem tydelegast fram under snøsmeltinga frå midten av mai til midten av juli. Det sørvendte Stavånafeltet har merkbart høgare avrenning enn det meir nordvendte feltet til Juvfossen kraftverk. Dette er vist i figur 3 der målte verdiar i 2010 (eit tørt år) er samanlikna med dei berekna verdiane med Juvfossen feltet som referanse. Målt årsnedbør i åra 2009 og 2010 er hhv 25 % og 37 % høgare enn berekna verdiane. For fem år med målte verdiar (2009,10,14,15,16) er middelvassføringa 1,36 m³/s. Berekna verdiar for åra 1999-2011 er 1,29 m³/s.



Figur 3 Stavåna kraftverk, målt vassføring samanlikna med berekna vassføring i 2010, eit tørt år.

Årstall	Qmiddel berekna	Qmiddel målt	Auke i prosent
2009	1,2	1,5	25
2010	0,8	1,1	37
2014	-	1,1	-
2015	-	1,4	-
2016	-	1,6	-
Middel	1,29	1,34	



Figur 4 Hypsografiske kurver for Stavåna kraftverk og referansefelta.

Tabell 1: Restvassføring (flaum og minstevassføring) like nedstraums inntaket til kraftverket før og etter utbygging

Gjennomsnittleg døgnmiddel (m³/s)		Like nedstraums inntaket til kraftverket	
		Før	Etter
Tørt år 2010	sommar	0,85	0,29
	vinter	0,09	0,014
	året	0,41	0,13
Vått år 2000	sommar	1,91	0,97
	vinter	0,27	0,014
	Året	0,60	0,42
Middels år 2008	sommar	1,25	0,52
	vinter	0,19	0,014
	Året	0,63	0,23

Tabell 2: Dagar med vassføring over turbinens sluke evne + minstevassføring (overløpsdagar).


Aktuelt år	Overløpsdagar i året	Overløpsdagar 1. mai til 30 september (150 dagar)	Dagar der kraftstasjonen er stoppa pga lite vatn
Tørt år (2010)	140	102	19
Middels år (2008)	187	117	9
Vått år (2000)	181	130	0


Tabell 3: Restfelt og restavrenning nedanfor kraftverk.

Inntak til kraftverk	410 moh
Lengd på elv mellom inntak og kraftverk	km
Areal på restfelt	2,15 km ²
Tilslig frå restfelt ved utløp i Stordalselva (61,9 l/s/km ² x 2,15 km ²)	133 l/s (middelverdi over året)


Tabell 4: Karakteristiske vassføringer i lågvassperioden og planlagt minstevassføring

	År	Sommer 1.mai – 30.september	Vinter 1.oktober – 30.april
Alminneleg lågvassføring l/s NEVINA			
5 persentil l/s (berekna NEVINA)		170	49
Planlagd minstevassføring l/s		170	49


*Figur 5: Varigheitskurve ved inntaket til Stavåna kraftverk for sommarhalvåret i åra 1999-2011*




Figur 6: Varighetskurve ved Stavåna kraftverket sitt inntak for vinterhalvåret i åra 1999-2011.




Figur 8: Minimums-, median- og middeltilsig pr dag ved inntaket til Stavåna kraftverk for åra 1999-2011




Figur 9: Maksimumstilsig pr dag ved inntaket til Stavåna kraftverk for åra 1999-2011




Figur10: Årlege variasjonar i tilsiget til Stavåna kraftverk for åra 1999 - 2011



Figur 11: Vassføring like nedstraums inntaket til kraftverket i eit vått år (2000) før og etter utbygging



Figur 12: Vassføring like nedstraums inntaket til kraftverket i eit tørt år (2010) før og etter utbygging



Figur 13: Vassføring like nedstraums inntaket til kraftverket i eit middels vått år (2008) før og etter utbygging

Overflatehydrologiske forhold Stavåna kraftverk (100.2B2Z)

I Fjord kommune, Møre og Romsdal

1.1.1 Informasjon om nedbørfeltet til kraftverket (set kryss)

	Ja	Nei
Er det knytt uvisse til feltgrensene? ⁱ		x
Er det i dag vassforsyningsanlegg eller andre reguleringar inklusive overføringar inn/ut av det naturlege nedbørfeltet for kraftverket? ⁱⁱ		x

1.1.2 Informasjon om samanlikningsstasjonen som skal nyttast som grunnlag for hydrologiske og produksjonsmessige utrekningar i konsesjonssøknaden

Stasjonsnummer og stasjonsnamn ⁱⁱⁱ (eigen målestasjon) fig.	Juvfossen kraftverk 098.3BB
Skaleringsfaktor ^{iv} : $9,9/262,7 * 53,1/43,9 = 0,0456$	0,495
Periode med data som er nytta til kurver m.m. i denne rapporten	1999-2011
Kor mange år er det data for?	12
Er samanlikningsstasjonen uregulert? ^v	Ja (ovanfor Juvfossen krkv)

1.1.3 Feltparametrar for kraftverket og samanlikningsstasjonens nedbørfelt

	Stavåna kraftverk nedbørfelt ovanfor inntaket		Samanlikningsstasjonen 098.3BB Juvfossen kraftverk	
Areal (km ²)	20,6		33,7	
Høgaste og lågaste kote (moh.)	1387	410	1525	391
Effektiv sjøprosent ^{vi}	0,1		0,1	
Prosentdel bre (%)	0,0		0,0	
Prosentdel snaufjell (%) ^{vii}	70,3		68,2	
Hydrologisk regime ^{viii}	Flaum v. snøsmelting og haustnedbør. Lågvassføring i januar-mars		Flaum v. snøsmelting og haustnedbør. Lågvassføring i januar-mars	
Middelavrenning / middels årleg tilsig (1961–1990) frå avrenningskartet ^{ix}	1,29 m³/s		2,58 m³/s	
	62,6 l/s km²		76,5 l/s km²	
	40,68 mill. m³		81,36 mill. m³	
Middelavrenning (1999 – 2011) for samanlikningsstasjonen utrekna i observasjonsperioden ^x			82,09 mill. m³	
Kort grunngiving for val av samanlikningsstasjon	Svært like feltdata, kort avstand i mellom og at vi har pålitelege målingar i elva. Dette meiner vi kompenserer for kort måleperiode (12 år)			

-
- ⁱ Dersom ja: Kva slags (eks.: bre, myr, innsjø med fleire utløp)?
- ⁱⁱ Om svaret er ja, skal dette teiknast inn på kartet i figur 1.
- ⁱⁱⁱ Etter NVEs stasjonsnett.
- ^{iv} Ein konstant som skal multipliserast med dataserien ved samanlikningsstasjonen for å lage ein serie som viser variasjonar i vassføringa i kraftverkets nedbørfelt.
- ^v Med reguleringar meiner vi her regulering av innsjø eller overføring inn/ut av naturleg nedbørfelt.
